

R. Ødegaard
Nordre Vartdal

M. o. R.
Vartdal

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Bygdøy i april 1952.

Emne nr. 6.
Tilleggs-spørsmål.

Folkelege Musikkinstrument.

- 1) Kjenner De til om lurar som er rulla saman av bork (vanlegvis av orebork) har vore utstyrt med eitkvart lydskapande ved munningsenden der ein bles (t.d. eit spalta halmstrå, halmpipe el.l.) ?
- 2) Kjenner De desse orda: halme, harpice som namn for lur eller eit anna slag instrument (kva slag) ?
- 3) Vi vil gjerne vita om ymse slag rangler er kjent hjå Dykk, t.d. desse: gåsehals som er rulla saman og fylt med erter; ymse slag skall fylt med småstein o.l.; staver eller reip med ringer på o.s.b. Gjer vel og fortel kva slag rangler De kjenner, og kva namn ein har på dei.
- 4) Har ein kjennskap til enkle måtar ein kan få fram knall og smell - t.d. smella eit blad i handa, smella ein pose fylt med luft, smella blomsterkruna til visse slag klokkeblomar (kva for blomar), leggja glør på ambolten og slå til, svepesmell, nattes skall i elden o.s.b.? Fortel kva De kjenner av dette og liknande, korleis og kva tid ein brukte gjera det, og om ein har noko slag nemningar på dette. Her kunne det òg nemnast gevær- og dynamittskot ved festlege høve. Veit ein av at det har vore knytt noko slag truer til dette, t.d. at det skulle vera vern mot vonde makter, eller gje lukke o.l. ?
- 5) Kjenner ein serlege lyder eller ulyder som ein har meint skulle driva bort vonde andar, sjukdom, ulukkor, uver og andre slag vanheppe ?

Det er slett same eg ikkje kjenner til
Det hev ikkje vore brukt her

7554